



Fredheim og Kvasnes spelar i Uskedalskyrkja. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein gitarduo som etterkvart har vorte kjend også i Kvinnherad, Gjermond Fredheim frå Uskedalen og Harald Kvasnes frå Ålesund, skal ha konsert under Kvinnherad Kulturfestival på Husnes frå 7. til 10. februar.

Kultursjef Kristian Bringedal kan opplyse til uskedalen.no at dei vil opptre på Kulturkafe på Munk laurdag 9. februar.

-Vi har planlagt å spela ein del konsertar i februar og det er kjekt at vi også kan få sleppa til i festivalen, seier uskedelingen.

- Vi kallar oss ganske enkelt for fredheimkvasnesduo og spelar klassisk gitarmusikk med komponistar som Piazzolla, Rodrigo, Petit, Albeniz, Bellinati og fleire på programmet.

Duoen har tidlegare hatt fleire konsertar i kommunen, til dømes i Uskedalskyrkja.

Av Ola Matti Mathisen